

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F834/1116	Knut Øyjordet	06.10.21	35/21

SØKNAD OM OPPFØRING AV REISKAPSHUS PÅ DYRKINGSPARSELL – ANNE KRISTINE PERSTUEN SOLBAKKEN

Saksdokument:

1. Søknad frå Anne Kristine Perstuen Solbakken av 19.07.21.
2. E-post frå fjellstyret av 25.08.21 til Statskog.
3. E-post frå Statskog av 22.09.21 til fjellstyret.

Saksutgreiing og vurdering:

Anne Kristine Perstuen Solbakken søker om å få sette opp eit reiskapshus på dyrkingsparsellen som bruket har i Synstlie. Ho skriv m.a. i søknaden:

Vi søker om å få sette opp eit enkelt reiskapshus på dyrkingsparsellen vår i Synstlia. Parsellen ligg i Synstlia rett overfor setra vår. Det er på kvar si side av Rv. 15 ca. 2 km frå Perstugu. Vi har til no nytta ein ombygd gjødselkum til lager for litt av reiskapen om vinteren, men no tek vi den i bruk til heilårs saufljos og ikkje berre i lamminga. Da blir behovet for ny lagerplass med tak stort. Det beste og mest praktiske for oss blir å få sette opp reiskapshus på dyrkingsparsellen. Det er planlagt bygt på ei røys så det går ikkje med noko dyrka mark til formålet. Vi lagrar allereie det meste av reiskapen der om vinteren. All avling frå setre og parsellen blir lagra der. Betre plass og stutt og grei veg for heimfrakt. Vi har ikkje plass til bygget heime eller på setra utan å bruke av dyrka mark.

Søknaden har vore lagt fram for Statskog som skriv m.a. i si uttale:

Fjellstyret er etter siste revisjon av seterforskriften og rundskriv M 1-2016 tillagt myndigheten til tilleggsjord og forhold knyttet til dette. Før vedtak skal det innhentes uttale frå Statskog. Fjellstyret kan sette vilkår for godkjenningen, om plassering av omsøkte anlegg, størrelse og tilpassing i terreng. Så sant fjellstyret finner at redskapshuset er nødvendig for drift av utvist tilleggsjord, har ikke Statskog merknader til søknaden.

Flyfoto med planlagt plassering og teikning av reiskapshuset er lagt ved saka.

Vurdering:

Behovet for eit reiskapshus er forståeleg. Og fordi dyrkingsparsellen ligg såpass nær sjølv garden der det er liten plass, så bør søknaden bli imøtekommen. Planlagt plassering er også bra skjerma mot innsyn frå fylkesvegen.

Innstilling til vedtak:

Med heimel i § 25 i Seterforskrifta får Anne Kristine Perstuen Solbakken løyve til å føre opp eit reiskapshus på dyrkingsparsell i Synstlie slik som omsøkt. Fjellstyret grunnjev dette med at parsellen ligg særleg nær bruket, der det er liten plass for eit reiskapshus. Planlagt plassering vil også bli bra skjerma mot innsyn frå fylkesvegen. Før bygging kan skje, må det også innhentast byggjeløyve frå kommunen.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Gunn Berit Aasheim var inhabil, og deltok ikkje i behandlinga av saka.

Rett utskrift. Går til:

Anne Kristine Perstuen Solbakken

Statskog SF

Vågåmo, 06.10.21

Knut Øyjordet (e.f)